



TONN ARTISTAR TIL TONS OF ROCK

Tons of Rock, Noregs største rock- og metallfestival, slepper 19 namn berre på det første artistsleppet til festivalen neste sommar. Halloween står først på lista, powermetallens gudfedrar. Med i besetninga er originalmedlemmane Kai Hansen og Michael Kiske. Lengjer ned på lista kjem Kvelertak, Exodus, Alestorm og At the Gates.

Foto: pitpony.photography / CC-BY-SA-3.0



Kabaret Makaber byr på herleg, mørk energi.

toler godt å setje seg sjølv i sentrum også med dette materialet, eit knippe fine melodiar han har komponert, til ei utgiving der han syng like så mykje som han spelar trekkspel og piano.

Det er ein fin gjeng han har med seg. Hamre stiller med «hamrofonen» og ein xylofon, og litt ute i tredjesporet «Kor lang og trist er natta her» konstaterer eg også med glede at sjølvaste Arve Henriksen dukkar opp med trompeten sin. Anders Røine er med på langeleik og fele, og heile gjengen syng med. Veteran Kato Ådland er med på fleire instrument og har produsert.

Fliflet vender nok ein gong tilbake til dikt av Robert Burns sett om til norsk av Johannes Gjerdaker, eit stoff han er som skapt til å tonesetje. Vi er elles i det vestlandske, med tekstar frå forfattarar som Fløgstad, Hovland, Fosse og Per Olav Kaldestad – nivået er høgt.

Tilfellet ville ha det til at eg høyrde Erlend Nødtvedt snakke om ville vekstar, vestlandsidentitet og den sprelske debutromanen *Vestlandet*, om lag då eg gjorde meg kjend med *Sevje*, og eg vart slegen av kor robust og

levande det vestlandske er som myttestoff, både for gamle og nye røyster.

MØRK ENERGI

Dei siste vekene har eg også lånt øyre til bandet Kabaret Makaber, som gjer sin eigen vri på dette: Det sjølvtitulerte debutalbumet deira er bada i ein herleg, mørk energi. Musikkuttrykket kallar bandet sjølv «bygdenoir», og anar frå tradisjonen etter Brecht (som namnet tyder på) og ei drauging mot det makabre er ikkje til å ta feil av.

Denne kjellaren er det altså vel verdt å snuble ned i, ikkje minst fordi det læt så skarpt, trass i at det også læt så skakt. Marita V. Bratteteig leverer ein herleg, farleg vokal til songane på *Kabaret Makaber*, som i tillegg til eit par saksofonar, ein kontrabass og trommer kan by på ein passe mystifiserande marimba ved Torstein Åvar Sollien: Då er alt duka for både «Bygdetango» og «Gravferd i Kaupanger».

ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Maktas musikk

Händels *Occasional Oratorio* er tonesett propaganda i krigen mot jakobittane.

CD



GEORG FRIEDRICH HÄNDEL:

Occasional Oratorio

CHOR DES BAYERISCHEN RUND-FUNKS; AKADEMIE FÜR ALTE MUSIK BERLIN; DIR.: HOWARD ARMAN. BR CLASSIC 2017
JAMFØRING: THE KING'S CONSORT/KING (HYPERION 1995)

Kor godt makt og musikk maktar å spela på lag, syner Georg Friedrich Händels (1685–1759) *Occasional Oratorio* frå 1746.

Bakgrunnen for verket var blodig: Året for hadde tronpretendenten Karl Edvard Stuart, den katolske prinsen som gjekk under namnet «Bonnie Prince Charlie», gått i land i Skottland for å røva til seg den britiske krona. Heilt til byen Derby mitt i England kom jakobitt hæren hans seg før dei protestantiske engelskmennene fekk overtaket. Det endelege nederlaget fylgde i april 1746.



Händels hus i 25 Brook Street i London, der han mellom anna komponerte *Occasional Oratorio* i 1746. Foto: Sjur Haga Bringeland



Skottar og engelskmenn gyv laus på kvarandre under slaget ved Culloden. Målarstykke av David Morier frå 1746.

Engelskmennene under leiing av prins William, hertugen av Cumberland, knuste då jakobittane ved Culloden i Skottland. Dette slaget, som skulle bli den siste væpna trefninga mellom engelskmenn og skottar, og det siste feltslaget på britisk jord, varte i berre 40 minuttar. Likevel kosta det 1000 skottar livet. (Det gjekk altså med 25 skottar i minuttet.) Den brutale framferda til hertugen av Cumberland, som berre mista 50 soldatar, gav han seinare tilnamnet «the Butcher of Culloden» – «slaktaren frå Culloden».

GJENBRUK

Den 60 år gamle, sjukelege Händel hadde rekonvalesensopphald i Nord-England då han fekk høyra om trugsmålet mot England, det som sidan 1726 hadde vore det nye heimlandet hans. Likevel var han snøgg til å kasta seg rundt, her tykte han nemleg at det måtte eit patriotisk oratorium til. Heime att i London komponerte han difor i løpet av få dagar stykket han sjølv kalla *Occasional Oratorio*. Det vil seia: At Händel «komponerte» et nytt stykke, er ikkje heilt dekkjande, for mykje av musikken er gjen-

bruk av gamal musikk som han sette ny tekst til. Eksempelvis er berre sju av dei fjorten store korsatsane nykomponerte. Oratoriet er altså langt på veg ein *pasticcio*, ein komposisjon samansett av enkelt-delar frå alt eksisterande verk. Særleg sistesatsen i oratoriet vil nok dei fleste som kjenner Händels musikk, dra kjensel på, for han er ein lett omarbeida versjon av kroningshymnen *Zadok the Priest*, HWV 258.

BRAKANDE TROMPETAR

Det propagandistiske kjem klårast til uttrykk i korsatsane. Dei er òg det beste ved denne nye innspelinga med Akademie für Alte Musik Berlin og Chor des Bayerischen Rundfunks, så overtydande framført at kvar og ein kan kjenna trong til å bryta ein lanse for engelskmennene. Eg tenkjer her fyrst og fremst på det krigerske koret «He gave them hailstones for rain», der haglstormen er framstilt med jagande strykararskalaar og buldrande trompetar og paukar.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

Boblande overskot

CD



WOLFGANG AMADEUS MOZART:

Mozart for Wind Octet

OSLO KAMMERAKADEMI.
LAWO 2017

I dei to hundre åra fram til siste halvta av 1700-talet var Italia musikkens heimland. Men i tiåra før 1800 mista dei forarstillinga – frå då av var

det i Wien det hende: Standardiserte besetningsgrupper som strykekvartett og symfoniorkester oppstod, slike som framleis dominerer konsertsalane. Ei anna besetningsgruppe som festa seg i Wien kring 1770, men som ikkje overlevde tida på same måte, var den sokalla «harmonimuskikken». Denne bestod som regel av åtte blåsarar (oktett), med to oboar, to horn, to fagottar – og to klarinettar, dåtidens nye moteinstrumentet.

Oslo Kammerakademi har no spelt inn to av Wolfgang Amadeus Mozarts (1756–1791) blåseoktettar – verk som er noko av det beste som er skrivne for denne besetninga: den muntre *Serenaden i Ess-dur*, KV 375, og den alvorlege *Serenaden i c-moll*, KV 388. Framføringa er beint fram kosteleg, med perfekt intonasjon og boblande musikkalsk overskot.

SJUR HAGA BRINGELAND

